

MULTICONSULT NORGE AS
Postboks 265 Skøyen
0213 OSLO

Dato	23.06.2026
Vår referanse	2022/17363-19
Dykkar referanse	fc7e52b2-fe43-475e-a06b-
Sakshandsamar	2901dd76cad3
E-post	Arvid Hauge
Telefon	Arvid.Hauge@vlfk.no

Fråsegn til oppstartsmelding for endring av reguleringsplan for gnr. 4 bnr. 89 m. fl., Skutevik/Hidle, PlanID 202107, Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 29.05.26 om oppstart av arbeid med endring av detaljregulering for gnr. 4 bnr. 89 m. fl., Skutevik/Hidle, PlanID 202107, Bømlo kommune. Hovudføremålet med reguleringa er justering av byggegrense, tilrettelegging for ny kai, ny flytebrygge og nye parkeringsplassar for at nautstomta skal kunne brukas meir hensiktsmessig. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til naustområde. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer meldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Planfaglege merknadar

Føremålet med endring av planen er justering av byggjegrense, tilrettelegging for ny kai, ny flytebrygge og nye parkeringsplassar for at nautstomta skal kunne brukast meir hensiktsmessig.

Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknadar til endringane, men minner om regionale føringar im mellom anna regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, og føreset at desse vert følgd opp i vidare arbeid med planen. Planen og retningslinene finn ein her: <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar/regional-kystsoneplan-for-sunnhordland-og-ytre-hardanger/>

Kulturminne

Saka er vurdert av regional kulturminnemynde, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune.

Reguleringsendringa vedkjem ingen kulturminneinteresser. Vi viser elles til vår fråsegn i samband med tidlegare høyring av eksisterande reguleringsplan. Kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka.

Samferdsel

Ingen merknad.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknadar til omsøkte reguleringsendringar.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg kommunal plan
NPI – Plan, klima og analyse

Arvid Hauge
rådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Arvid Hauge, avdeling for NPI – næring, plan og analyse

Klara Hovland Lønning, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing

Tore Slinning, Helene Moe, avdeling for KFO – kulturarv

Kopi mottakarliste

Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER